

REGELVERK FOR KOMMUNALT TILSKOT TIL LANDBRUKET I ÅRDAL.

§ 1 FORMÅL

Formålet med den kommunale tilskotsordninga er å oppretthalde og styrke lokal landbruksnæring ved å styrke grunnlaget for gode og varige investeringar.

§2 DEFINISJONAR, TILSKOTSSATSAR OG KRAV

Det kan ytast tilskot til godkjende investeringar/tiltak i høve til dokumentert kostnad Eller kostnadsoverslag innan dei fastsette rammer.

Driftsbygningar (25% tilskot)

Maksimum kr. 35.000,- pr. investering/tiltak

Landbruksturisme (25% tilskot)

Maksimum kr. 35.000,- pr. investering/tiltak

Miljøtekniske tiltak (25% tilskot)

Maksimum kr. 20.000,- pr. investering/tiltak

Gjeld kun for eksisterande anlegg.

Jord- og skogbruksvegar (25% tilskot)

Opparbeiding av bilveg : Maksimum kr. 7.000,- pr. 100 m

Opparbeiding av traktorveg: Maksimum kr. 3.000,- pr. 100 m

Det kan og søkjast om midlar til opprusting eller omfattande vedlikehald.

Fulldyrking (25% tilskot)

Maksimum kr. 2.500,- pr. da

Grøfting- lukking- og senkingsarbeid (25% tilskot)

Maksimum kr. 500,- pr. da

Gjeld kun allereie eksisterande fulldyrka areal.

Vatningsanlegg (25% tilskot)

- Spreieanlegg, maksimum kr. 500,- pr. da
- Dryppvatningsanlegg, maksimum kr. 1.000,- pr. da

Varige verne/sikkerheitstiltak/utstyr (25% tilskot)

Maksimum kr. 4.000,- pr. investering/tiltak

Autorisasjonskurs vedk. kjøp og bruk av plantevernmidlar (100% tilskot)

Faglag/ring

Den enkelte søknad vert vurdert for seg og kopi av revidert reknskap og årsmelding skal ligge ved søknaden.

Etablering av bærfelt

Tilskotsatsar for etablering av bærfelt:

- * Bringebær kr. 6.000,- pr. da
- * Jordbær kr. 5.000,- pr. da
- * Anna bærsort kr. 4.000,- pr. da
- Tiltaket bør omfatta minst 1 da
 - Normtal: * bringebær 600 planter = 1 da
 - * jordbær 3300 " = 1 da
- Det skal nyttast statskontrollerte planter
- Landbrukskontoret kan ikkje ferdiggodkjenne feltet før oppbindingsverket har kome på plass.

§ 3 **GENERELLE VILKÅR**

Søkjaren skal vera eigar av landbrukseigedom i Årdal og være, eller som følge av prosjektet bli, registrert i momsregisteret.

Leigetakar/forpaktar kan søkje om tilskot, men når det gjeld investeringar/tiltak som følgjer bruket bør det føreliggje fullmakt frå eigaren.

Faglag/ring har også høve til å søkje.

Eventuelle planar skal være utarbeid eller godkjent av landbrukskontoret før søknaden kan innvilgast.

Etter at investeringa/tiltaket er ferdig, skal det ferdiggodkjennast av landbrukskontoret.

Når ein eventuell arbeidsfrist ikkje vert overhalden fell føreliggjande tilsagn bort.

Forpliktelsar tilknytta tilskotet følgjer bruket sjølv om eigaren skifter eller leige/forpaktningavtalen opphøyrer.

§ 4 **PRIORITERING**

- Prioritering: 1. På førehand tilviste tilskot
2. Utbyggingstilskot
 3. Samarbeidsprosjekt
 4. Øvrige prosjekt (i følge innkomen søknad)

§ 5 **SØKNAD, SAKSHANDSAMING**

Ein kan søkje om tilskot til ei kvar tid og søknaden skal handsamast snarast mogeleg etter mottak.

Det skal søkjast på søknadsskjema som kan skaffast på landbrukskontoret.

Søknaden skal sendast til landbrukskontoret i Årdal, der dagleg leiar skal tilretteleggje søknaden for handsaming i formannskapet.

Formannskapet disponerar tilskotmidlane på vegne av Årdal kommune.

Formannskapet kan handsame søknader før og etter at investeringa er føreteke.

§ 6 TILSYN, RAPPORTERING

Landbrukskontoret og formannskapet fører tilsyn med at vilkåra for tilskotet er oppfylt.

Tilkotsmottakaren må godta eventuell naudsynt kontroll i samband med dette og bistå med opplysningar.

Formannskapet kan krevje rapport samt rekneskap over prosjektet etter at midlane er tildelte.

§ 7 UTBETALING

Landbrukskontoret oppmodar økonomiavdelinga ved Årdal kommune om utbetaling snarast etter at innvilga søknad om tilskot til investeringen/tiltaket er ferdiggodkjent, forutsett at det finst dekning på budsjettet.

Når formannskapet finn grunn til å betale tilskotet over 2 periodar har dei høve til det, men før 2. utbetaling skal tiltaket være ferdig godkjent.

Økonomiavdelinga ved Årdal kommune er ansvarleg for utbetaling av tilskotet.

§ 8 TILBAKEBETALING

Dersom føresetnader for tilskotet ikkje vert oppfylt, vil tilskotet kunne krevjast heilt eller delvis attende. Det kan krevjast morarenter av pengesummen som skal attendebetalast.

§ 9 DISPENSASJON

Formannskapet kan fråvike dette regelverk når særlege grunnar tilseier det. Dispensasjonen kan ikkje gå ut over føremålet med tilskotsordninga.

§ 10 KLAGE

Formannskapet er klageinstans for vedtak ang. kommunalt tilskot til landbruket i Årdal. Klagen skal sendast om landbrukskontoret i Årdal.

Klagefristen er 3 veker etter motteke melding om eventuelt avslag på søknaden.

§ 11 IVERKSETJING

Desse forskrifter trer i kraft pr. 01.01.91, og erstattar tidlegare regelverk for tildeling av kommunalt tilskot til landbruket (landbruksnemnda, sak 20/86).

REGELVERK FOR KOMMUNALT TILSKOT TIL SKOGKULTUR OG JULETRE/PYNTEGRØNT I ÅRDAL

(Kommunal budsjettpost nr: 1461342)

Det ytast 25 % kommunalt tilskot til skogkulturtiltak. Tilskotet gjeld for tiltak som også er berettiga statstilskot.

Landbrukskontoret i Årdal disponerer tildelinga i lag med tildelinga av statstilskotet.

Jr. sak 3/91 i landbruksnemnda er etablering av juletre- og pyntegrøntfelt også berettiga tilskot i likheit med tilskotsordninga for ordinære skogkulturtiltak.

Regelverket er utarbeid av landbrukskontoret i Årdal.

- Landbruksnemnda har støtta regelverket i saknr. 13/90.
- Kommunestyret har godkjent regelverket i saknr. 73/90.
- Landbruksnemnda har supplert regelverket i saknr. 5/91.
- Landbruksnemnda har supplert regelverket i saknr. 7/92.
- Landbruksnemnda har supplert regelverket i saknr. 20/92.
- Kommunestyret har godkjent regelverket i saknr. 38/93.